

BIOSIKKERHEITSKRAV

TRANSPORT OG KONTAKT

YTRE SOGN OG SUNNFJORD, PO4

OPPDATERT 01.08.2025.

Krava er næringa si tilnærming for å sikre seg mot ny eller alvorleg sjukdom, og gjeld for Ytre Sogn og Sunnfjord frå Fensfjorden i sør til Frøysjøen i nord. Krava ivaretar også krav i PD-forskrifta og Transportforskrifta.

SAV-STATUS	1
PASTEURELLA-STATUS	1
RISIKO - KATEGORIER SOM DEFINERER KVA KRAV SOM GJELD	2
KRAV TIL EKSTERN KONTROLL AV SERVICEBÅTER OG BRØNNBÅTER	2
KRAV TIL INTERNKONTROLL FOR ALLE SERVICEBÅTAR SOM OPERERER I SONEN	4
BANDLEGGING	4
SMOLTTRANSPORT	4
SLAKTETRANSPORT OG VENSTEMERDSETTING	5
YTRE SOGN OG SUNNFJORD, OVERSIKT SAV3	5
YTRE SOGN OG SUNNFJORD, OVERSIKT PASTEURELLA	5

SAV-STATUS

- SAV 3 er etablert i området. Oversikt over PD-status nedst i dokumentet.

PASTEURELLA-STATUS

- Enkeltlokalitetar med påvising. Oversikt over lokalitetar med påvising nedst i dokumentet.

RISIKO - KATEGORIER SOM DEFINERER KVA KRAV SOM GJELD

Det er ulik risiko for at servicebåten skal spreie smitte avhengig av kva oppdrag den har vore på og kva oppdrag den skal utføre.

RISIKONIVÅ	OPPDAG	RISIKO FOR SMITTESPREDNING
1	Lokalitet tom for fisk	Svært låg
2	Fortøyingsarbeid	Låg
3	Sleping og andre oppdrag utanfor merd / i tom merd	Låg
4	Notvask, dykking eller anna arbeid i merd med fisk*	Betydeleg (dykkarbåtar har lågare risiko enn spyleutstyr/båtar)
5	Avlusing, sortering, transport	Høg

*Inkluderer alt servicearbeid i eventuelle vernesoner mot ILA.

Oppdrettar er til ei kvar tid ansvarleg for å overhalde krava som vert sett, og skal sørge for at alle leverandørar av servicetenester retter seg etter desse. Lokalitet som mottar båt, må vere spesielt oppmerksom på at båten oppfyller gjeldande krav. I samsvar med god praksis i næringa skal båten sitt mannskap også sette seg inn i krava, og bidra til å oppfylle desse. Mottakande lokalitet er i prinsippet ansvarleg for at båten stiller med attest der det krevst. Ansvar for å innhente vurdering frå fiskehelsepersonell ligg hos lokalitet for neste oppdrag. Lokaliteten som utløyser kravet til attestasjon må bekoste kontroll (*eksempelvis frå lokalitet med påvist Pasteurella til lokalitet utan Pasteurella, eller frå bandlagt lokalitet til lokalitet utan bandlegging*).

Ved kontrollar utover krav i retningslinjene må oppdrettar som ynskjer dette bekoste kontroll.

KRAV TIL EKSTERN KONTROLL AV SERVICEBÅTER OG BRØNNBÅTER

OPPDAG	SMITTEHYGIENISKE KRAV
Oppdrag av risiko kategori 1-3.	Vask og desinfeksjon. Eigendokumentasjon
Oppdrag av kategori 4 og 5	
1. Risikonivå 4 og 5. Trafikk mellom lokalitetar av same generasjon	Vask og desinfeksjon. Eigendokumentasjon
2. Risikonivå 4 og 5: Trafikk frå eldre års generasjon til yngre års generasjon (eks. frå 2019 G til 2020 G)	Vask og desinfeksjon, attest vurderast avhengig av smittestatus. <i>Meldeplikt til autorisert fiskehelsepersonell som representerer oppdragsgivar og vurderer behov for attest.</i>

3. Kategori 4 og 5: Trafikk over Stadt frå Sunnmøre	Vask og desinfeksjon, attest vurderast avhengig av smittestatus. <i>Meldeplikt til autorisert fiskehelsepersonell som representerer oppdragsgivar og vurderer behov for attest.</i>
4. Kategori 4 og 5: Trafikk over Stadt sørover frå område nord for Ålesund til og med Nord-Trøndelag.	Vask og desinfeksjon, attest. <i>Ev. tilleggskrav vurderast av autorisert fiskehelsepersonell i det enkelte tilfellet ut frå risiko. Kan vere vask av skrog, demontering av utstyr. Kan vere spesifikke krav satt av myndigheiter. Fiskehelsepersonell kan vurdere at det ikkje er behov/formålstenleg med inspeksjon ut frå sjukdomsstatus og smitterisiko i området.</i>
5. Risikonivå 4 og 5: Trafikk frå området sør for PO4	Vask og desinfeksjon, attest vurderast <i>Meldeplikt til autorisert fiskehelsepersonell som representerer oppdragsgivar og vurderer behov for attest.</i>
6. Risikonivå 4 og 5: Trafikk frå lokalitet med påvist Pasteurella til lokalitet utan påvising	Vask og desinfeksjon, attest.
7. Risikonivå 4 og 5 - Alvorleg kjent eller uavklart sjukdom eller alvorlege sjukdomsutbrot*. Med alvorleg meinast påvising/mistanke om sjukdommar som vurderast alvorleg ut frå status i området. Lokalitetar med svært forhøga dødelegheit med sannsynleg eller uavklart årsak.	Vask og desinfeksjon, attest. <i>Ev. tilleggskrav vurderast av autorisert fiskehelsepersonell i det enkelte tilfellet ut frå risiko. Kan vere vask av skrog, demontering av utstyr. Kan vere spesifikke krav satt av myndigheiter. Fiskehelsepersonell kan vurdere at det ikkje er behov/formålstenleg med inspeksjon ut frå sjukdomsstatus og smitterisiko i området.</i>

KRAV TIL INTERNKONTROLL FOR ALLE SERVICEBÅTAR SOM OPERERER I SONEN

Ev. avvik frå krav til inspeksjon eller andre tiltak skal avvikshandterast, og vere risikovurdert av autorisert fiskehelsepersonell. Slike vurderingar skal dokumenterast skriftleg og båt må loggføre tidspunkt og kontaktperson.

- i. Loggføring av alle oppdrag
- ii. Dokumentasjon på vask og desinfeksjon
 - 1. Reinholdsplan som er fagleg godkjent av fiskehelsepersonell
 - 2. Sjekkliste for kvar enkelt reinholdsoperasjon
- iii. Dokumentasjon på reinhald/vedlikehald skrog
 - 1. Vedlikehald med bunnsmøring årleg
 - 2. Vask av skroget per kvartal, for å hindre begroing: *Slipsetting eller annan metode som gjer skroget visuelt reint for begroing*
- iv. Dokumentasjon på gjennomførte inspeksjonar og ev. risikovurderingar frå fiskehelsepersonell
- v. Dokumentert gjennomgått opplæring i smittehygiene og reinhald
- vi. Skipper skal holde seg aktivt oppdatert på smitte og sjukdomsstatus i områda der båten opererer

BANDLEGGING

Dersom sjukdom som inneber bandlegging av lokalitet er påvist, kan det vere stilt spesifikke krav i bandleggingsbrev. Dette skal lokalitet ved siste oppdrag opplyse om. I enkelte tilfelle opprettast det også spesifikke krav til kontaktpunkt ved alvorleg sjukdom.

SMOLTTRANSPORT

- A. Krav til hygiene for båtar som skal gå over frå andre oppdrag til smoltkøyning
 - i. Vask og desinfeksjon, attest frå autorisert fiskehelsepersonell
 - ii. Karantenetid på minst 48 timer
 - iii. Forskriftskrav
- B. Smolt som skal transporterast innanfor i PO4
 - i. Vatn skal tas inn utanfor grunnlinja, eller ved lokaliteten der smolten skal settast ut, eller bruk av godkjent vassbehandling/desinfeksjon av transportvann.
- C. Smolt som transporterast frå området nord for Stadt
 - i. Det skal gjennomførast ei risikovurdering med omsyn til smittestatus i området.
 - ii. Skriftleg risikovurdering skal spesielt ta omsyn til SAV 2 og Yersiniose og skal involvere vurdering frå fiskehelsepersonell.
 - iii. Transport skal skje lukka innanfor grunnlinja nord for Stadt.
- D. Smolt som skal transporterast frå området sør for PO4
 - i. Det skal gjennomførast ei risikovurdering med omsyn på sjukdomsstatus i området.

SLAKTETRANSPORT OG VENSTEMERDSETTING

Det er eit mål å beskytte sjøsett fisk mot smitte frå slaktefisk under transport. All transport av slaktefisk skal følge oppsette brønnbåtruter.

YTRE SOGN OG SUNNFJORD, OVERSIKT SAV3

Lokalitetar med påvist SAV3 (pr. 01.08.2025)

- Austneståa (Svanøy Havbruk), august 2024
 - Fisker flytta til Almbakkevika, april 2025
- Gnarnesvika (Marøy Havbruk), desember 2024
- Ålvora (Steinvik Fiskefarm), januar 2025
- Veiesund (Steinvik Fiskefarm), januar 2025 (slakta ut)
- Klavelandet (Steinvik Fiskefarm), mars 2025
- Steinvik (Steinvik Fiskefarm), mars 2025 (slakta ut)
- Dyvika (Flokenes Fiskefarm), mars 2025
- Skredstivik (MOWI), april 2025 (slakta ut)
- Oddane (Svanøy Havbruk), april 2025
- Klubben (Erko Seafood), april/mai 2025
- Langeråa (E. Karstensen Fiskeoppdrett), mai 2025
- Svinøy V (Sandnes Fiskeoppdrett), juni 2025
- Storlia (Firda Sjøfarmer), juli 2025
- Lyngholmane (Eide Fjordbruk), juli 2025

Lokalitetar med mistanke SAV3 (pr. 01.08.2025)

- Skreda (Erko Seafood), juli 2025

YTRE SOGN OG SUNNFJORD, OVERSIKT PASTEURELLA

Lokalitetar med påvist *Pasteurella* sp. (pr. 01.08.2025)

- Gnarnesvika (Marøy Havbruk), oktober 2024
- Veiesundet (Steinvik Fiskefarm), oktober 2024 (slakta ut)
- Svinøy V (Sandnes Fiskeoppdrett), november 2024
- Ålvora (Steinvik Fiskefarm), november 2024
- Skredstivik (MOWI), februar 2025 (slakta ut)
- Kyravika (MOWI), april 2025

- Hegnes (MOWI), mai 2025
- Aldeøyna (Landøy), juli 2025
- Klavelandet (Steinvik Fiskefarm), juli 2025